


Seterbruksen

Skrift frå Norsk senter for seterkultur
Nummer 1 – februar 1998



Norsk senter for
seterkultur

Seterbrukaren

Seterbrukaren er eit blad for deg som har dine interesser knytt til setra. Med bladet vil me oppretta ein møteplass for aktive seterdrivarar og andre med interesse for norsk seterkultur. Dette er ein kanal for å formidle alt frå små opplevelingar til nye forskingsresultat. Ein kanal for diskusjon og kunnskapsutveksling. Me oppfordrar alle som får skriftet i hende til å bli bidragsytar i neste nummer. Frist for innlevering av stoff er sett til 15.mars. Meld òg tilbake dersom du ønskjer tilsendt fleire nummer av seterbrukaren og anna informasjon frå Norsk senter for seterkultur.

Utgivar:

Norsk senter for seterkultur
6214 Norddal

telefon og telefaks 70 25 91 77

E-post: seterkul@online.no

Redaksjon: Tove Lofthus / Jostein Sande

Lay out: Alfred Nilsen

Illustrasjoner: Torunn Halseid Marø

Trykk: Cylindertrykk

Utgjeve med støtte frå Felleskjøpet

Forsidebilde:

Nils Sigurd Drabløs, Gunhild Øigarden og Gråsi på Drabløsstølen i Sykkylven.

Tove Lofthus

prosjektleiar – er frå bygda Vats i Rogaland, og har kulturfagleg utdanning med cand. mag. grad frå universitetet i Trondheim. Ho har si arbeidserfaring gjennom ni år som fritidsleiar og kulturkonsulent ved Tysvær kulturkontor. Organisasjonserfaringa si har ho dessutan hausta i 4H. Budeie erfaringa kom i 1994 på Herdalssetra då ho arbeidde for Norsk setermuseum som omvisar og yterske.



Styret i Norsk senter for seterkultur

Torhild

Svisdal Mjøen

er gardkjerring på Mjøen i Oppdal. Ho er utdanna sivil-agronom, og jobbar no som ringleiar i Oppdal Forsøks- og Driftsplanring. Ho har vore seterlaus på Gammelsetra i Grøvdalen i ti somrar saman med to kollegaer. Setra er driven på gamlemåten, då ein verken har veg eller elektrisitet. All mjølka av ti kyr vert forelda på stølen i tillegg til at ein held seterkurs. Det er berre ei seler i drift i Grøvdalen og behovet for å kome i kontakt med andre kollegaer rundt om i landet er stort. Dette fordi det er viktig å kunne utveksle røynsler og diskutere ulike problem knytt til dømes til turisme og myndigheter. Eller praktiske ting som produksjon og måtar å gjøre ting på, både tradisjonelle og nye måtar.



Jostein

Sande

er gardbrukar og historikar, og initiativtakar til prosjektet Norsk senter for seterkultur. Han har skreve fleire bygdebøker (Sunndal og Stordal) og ei rad artiklar m.a. med emne frå seterdrift og seterkultur. Han har lang røynsle frå politikk og organisasjonsarbeid innan landbruket – både fagleg og økonomisk. Ombod i dag: m.a. ordførar i Møre Felleskjøp, medlem i Marknadsgruppa – marknadsførings-samarbeidet landbruket / NORTRA og styremedlem i Norsk Gardost.



Åshild

Dale

er initiativtakar til prosjektet Norsk senter for seterkultur. Ho har budeierøynsle "på gamlemåten", med handmjøking i eige fjos – som ei av ti herdalstauer i 1959 – til "moderne" tider i 1960 med ny fellesfjos og berre fire maskin mjølkande setretauer. Eit lærerikt "hamskifte". Ho har sidan 1983 dreve heimgarden i Norddal på Sunnmøre, saman med ektemannen Jostein Sande. Hovudproduksjonen er mjølkegeit, i alt to årsverk. Den frodige seterdalen Herdalen, som garden eig i, var hovudgrunnen til at dei våga å satse på utbygging av bruket. Fellessetra i Herdalen tek imot 4-500 geit i sommarsesongen, og mykje av vinterforet til dyra vert hausta på seterreitane. Med grunnlag i geita driv dei litt småskalaforedling av ost og karamellar, – skinn og kjøtt. Garden og setra dannar vidare ramma kring eit tilbod innan "grøn omsorg" der born og ungdom får vekselopp hold og kjærkomme møte med folk, dyr og fri natur i leik og læring.



Åshild har verv i m.a. Tiltaksfondet for småfe, fjørfe m.m., Norsk Gardmat, Norsk Sau- og geitfødsel, Det Kgl. Selskap for Norges Vel og NILF.

Sidan 1987 har ho og mannen vore delaktig i pilotprosjektsatsing på bygdeturisme, med Herdalssetra som base. Denne satsinga har sidan utvikla seg vidare til Norsk setermuseum, og no Norsk senter for seterkultur.

Tor Magnus Hansen

styreleiar bur i Vingelen i Hedmark. Han er utdanna sivil-agronom frå NLH og har tidlegare arbeidd som jordbruksjef og landbrukskulelærar. Dei siste 8 åra har han arbeidd aktivt med bygdeutvikling lokalt og regionalt i regi av Vingelen Næringselskap AS. Tor Magnus Hansen driv saman med kona Turid heimgarden hennar i Vingelen og han er for tida nestleiar i Hedmark Bonde-og Småbrukarlag. Bygda Vingelen er mellom anna kjent for sine mange aktive seterbruk.



Pascale Baudonnell

er yterske med utdanning frå Frankrike, og driv som geitebonde i Aurland i saman med mannen Ivar Bjarne. Dei har mellom anna vore med å tatt initiativet til Norsk Gardost. Fram til dags dato har Pascale sete i styregruppa, men har no etter eige ønske gått over i prosjektgruppa. Det er endå ikkje heilt klart kven som kjem til å erstatta Pascale i styret.



Seterkultur i utvikling

AV TOR MAGNUS HANSEN

Norsk seterkultur er noe av det mest særpregede norske vi kan tenke oss. Gjennom århunder har seterbrukskunstet så å si vokst ut av den norske naturen. Kunnskap om lokal ressursutnyttelse er møysommelig bygd opp og har gitt seg særegne uttrykk over store deler av landet. Seterbrukskunstet har som det norske talemål, mange dialekter. De naturgitte forhold varierer fra landsdel til landsdel, fra bygdelag til bygdelag. Men grunntonen har alltid vært i botn, en best mulig utnyttelse av det stedlige naturgrunnlaget. Knapt noe annet område innen norsk bygde- og samfunnsliv har vært så viktig for å forme vår nasjonale identitet som seterbrukskunstet. Fra de første skritt ble tatt på veien til å bygge en sjølstandig nasjon, har seterbrukskunstet hatt en magisk tiltrekning. Myter, sagn, eventyr, dikting, sang og musikk har hatt utgangspunkt i seterkulturen og gitt oss alle en kollektiv tanke om det typisk norske. Seterkulturen i Norge er en kulturskatt som vi framover må legge stor vekt på å bevare.

Setra under press

I dag er seterkulturen under press. "Moderne" tenkning setter maksimalt produktvolum i høysetet, og har permitert lokale ressurser til fordel for innkjøpte driftsmidler og kapital i den praktiske næringsutøvelsen. Produksjonen i landbruket er i stadig større grad basert på konsektrerte formidler dyrket på leiejord i de beste jordbruksstrøk eller endatil i utlandet. Industrielt produserte innsatsfaktorer har kommet inn som viktige ingredienser på mark og i fjøs. De lokale ressursene har kommet i bakgrunnen, seterbrukskunstet er lagt ned. I dag



finnes drøyt 1800 aktive seterar igjen, mens det bare noen få årtier tilbake var flere titalls tusen.

Lokal næringsutøvelse

Utviklinga i verden har vist at teknologisk og økonomisk framgang også har skygesider. Gamle dagers langsigtsforvaltningstankegang er byttet ut med kortsigtsprofitjag. Miljøet utsettes for skader og ødeleggelsjer. Ressursgrunnlaget forringes. Mange ser dette og ønsket om en bærekraftig utvikling brer seg i vide kretser. Behovet for ren og sikker mat er kommet på dagsordenen. Samtidig etterlyser mange et rotfeste i tilværelsen, en kontakt til det opprinnelige, jordnære, ekte. Den lokalt forankra næringsutøvelsen som seterbrukskunstet representerer, vil på mange områder dekke opp for de ønsker og behov som vi ser utvikler seg i kjølvannet av den industrielle revolusjonen.

En levende tradisjon

Seterkulturen er ikke en fastlåst uttrykksform, et musealt tema som kan stenges inne i montere og arkiver og tas fram ved festlige anledninger. Seterkulturen er en arv som bare kan forvaltes gjennom aktiv utøvelse, gjennom

å videreføres som en levende tradisjon. I dette ligger at seterbrukskunstet alltid må finne sin form i forhold til det samfunnet som omgir det. Nye innfallsvinkler vil oppstå, nye metoder tas i bruk. Samtidig er det avgjørende at kjernen holdes fast – en lokal næringsutøvelse i langsiktig balanse med ressursgrunnlaget på stedet.

Nasjonalt krafttak

For å klare jobben med å ta vare på og utvikle seterkulturen i Norge, kreves det innsats. En innsats fra mange personer, organisasjoner og miljøer over hele landet. Seterkulturen må bevares som den mosaikk av dialekter som den varierte norske natur har lagt grunnlaget for. Gjennom initiativet som er tatt med å etablere Norsk senter for seterkultur håper vi at det skal være mulig å forankre interessen for norsk seterkultur i former som vil vitalisere og styrke seterkulturen framover. Vi håper sjølsagt på en størst mulig oppslutning om dette arbeidet og ønsker både aktive seterbrukskunstet og andre interesserte vel møtt til et nasjonalt krafttak for det tradisjonelle norske seterbrukskunstet!

Ho ligg der setra og er alt muleg på ein gong.

Beite for kyr i Hedmark og spretne geit i Hordaland.
Den er landbruk og næring, kulturvern og natur.

Gamle ostegryter og nye mjølkeanlegg.
Skakkehus – nye husmorvindu
Skule klasser lærer i Trøndelag, 4H-erar i Vestfold.

Gamle budeier minnest tunge tak og mykje moro, friarar ler av historiene sine.



Ikkje ei seter er lik

Som det florerer eit mangfold av både utsjånad og driftsformer på setra er brukarane av setra òg ei mangearta gruppe.

Alle som er interesserte i setra er på ein eller annan måte brukar av setra.

Anten du er turist eller forskar, seterdrivar eller budeie.




Difor har me valt namnet "Seterbrukskunstet" på informasjonsskrivet vårt, i eit forsøk på å nå alle som er interesserte i setra og seterkulturen.

Norsk senter for Seterkultur

AV TOVE LOFTHUS

Norsk senter for seterkultur ynskjer å vera med å setja seterkultur og seterdrift i fokus både nasjonalt og lokalt. Førebels er det heile eit toårig prosjekt (1997-99) med to hovudmål. Det eine er å byggja grunnlaget for eit informasjons- og kompetansesenter knytt til setring. Det andre er å leggja til rette for ein interesseorganisasjon for aktive seterbrukarar. Prosjektet er plassert i Norddal kommune på Sunnmøre og har Statens Landbruksbank og Norsk Kulturråd som hovudstøttespelarar.



Setra i vinden


Setra er i vinden att. Nye krav om dyr på beite og ei aukande interesse for økologisk drift gjer sitt til at setra på nytt blir sett på som eit verdfullt element i framtidsretta landbruk. Nokre setrar har vore i uavbrote drift i fleire hundre år – andre stader blir det starta opp på nytt. Nokre vel den gamle driftsforma, andre tenkjer heilt nytt og mange kombinerer. Det florerer eit mangfald av både utsjånd og driftsformer, alle tilpassa lokale tilhøve. Nettopp denne variasjonen og mangfaldet er det som gjer seter-Norge spennande og verdifullt.

Gamal lærdom på nye stiar

I ei kvar utvikling ynskjer ein å la det beste frå tidlegare erfaringar smelta i saman med nye tankar om betre løysingar for framtida. Kvar ost som er blitt laga kring på setrane er et nytt bevis på hundrevis av år gamal lærdom. Ein lærdom frå hand til hand. Likevel vil ei kvar ny budeie leggja til sitt eige handlag og leggja stien for nye måtar å gjera tinga på. Kulturarven er den til ei kvar tid eksisterande kunnskapen som finst i eit samfunn. Å skape nytt i ein kombinasjon med ivaretaking av gamal lærdom, er å vera deltakar i ein levande og kvalitetsrik kultur.

Kvinner på bana

Kvinner har i alle tider vore hovudaktørane på setra. Det er bondekvinne som sit på mest kompetanse om korleis seterdrift tradisjonelt har blitt utført. Bondekvinne vil truleg òg ha dei beste ideane på korleis ein i framtida kan ivareta og vidareutvikle seterkulturen til ein levande del av landbruket vårt. Det er særskilt viktig at nettopp dei er på bana når me spør oss; Korleis har dei setra i vår bygd – kva skjedde innomhus og mellom husa? Kva har setra betydd for bygda? – Kva kunnskap fanst som nå ikkje står i historiebøkene? Kva verdiar har tradisjonelt vore knytt til setra og kva verdiar er det ynskjeleg å ta med seg vidare inn i eventuelle nye driftsformer? Korleis kan me utnytte dei ressursane og muleighetene setra gir på nye måtar, som del av ivaretaking og utvikling av vår bygd?



Kompetansesenter

Det er kunnskapen som her vil bli synleg som bør leggjast til grunn for eit framtidig informasjons- og kompetansesenter om seterkultur i Norge. Den konkrete kunnskapen vil alltid vera ute i dei enkelte seter- og fagmiljø. Norsk senter for seterkultur si rolle bør vera bindeleddet og formidla mellom den kunnskapen som er. Fyrste steget på vegen er å få oversikt over den kunnskapen som alt finst. Det blir slik mellom anna viktig å få vita om det som skjer rundt omkring – om dei ulike fokus som blir sett på seterdrifta i kvart enkelt lokal miljø i dag.

Interesseorganisasjon

Norsk senter for seterkultur ynskjer også å leggja til rette for eit tilbod til den enkelte seterbrukar om ei samling i ein felles organisasjon. Eit nettverk som kan ivareta seterbrukarane sine interesser, og som kan

vera ein plass for samsnakkning og fagleg utbytte. Eit fyrste steget på vegen vil vera å danne møteplassar kor ein får vite om kvarandre og kor ein kan få utveksle eigen kunnskap med andre. Slike møteplassar kan vera eit eige medlemsblad, fagseminar, samlingar, kurs eller liknande. Me er opne for gode innspel på korleis de ynskjer ein slik felles møteplass, og på kva behov ein interesseorganisasjon kan dekka for dykk.

Seterbiblioteket

For å ta vare på den kunnskapen som eksisterer om seterdrift i dei ulike delene av landet, vil me oppfordre alle lokalmiljø med tilknyting til seter om å fortelle om sine setrar i tekst og bilde. Dette materialet vil både vera ein lokalhistorisk dokumentasjon, og samtidig del av ein landsdekkjande innsamling av seterstoff i eit felles seterbibliotek. Meir informasjon om seterbiblioteket kjem i neste nummer av Seterbrukaren.

Regionale samlinger

Etne Sogelag i Hordaland er vertskap for lokalhistorisk seminar om seterdrift, og set samstundes fokus på aktuelle problemstillingar for seterdrifta i dag. Seminaret blir i Etne 13. – 14. mars 1998

Fagseminar

Helga 7. – 9. august 1998 blir det invitert til fagseminar i Norddal for alle aktive seterdrivarar og andre interesser te. Seminaret blir i tilknyting til seterhelga og budeietreff på Herdalssetra.

Stølsfestival

Det blir i sommar som tidlegare år stølsfestival på Vaset i Vestre Slidre. Dato for arrangementet kjem i neste nummer av Seterbrukaren.

Seterkalender

Mange stader har ein kvar sommar faste seterarrangement. Seterarrangement er plassen for å treffa kollegaer og andre som er interesser te i seterdrift. I neste nummer av Seterbrukaren vil me ha med ein oversikt over dei arrangementa me får vite om under tittelen seterkalenderen. Ta kontakt med den informasjonen du sit på.

Stoffrist til neste nummer
av Seterbrukaren er 15. mars

NILS S. DRABLØS
OG GUNHILD ØIGARDEN
FRÅ MØRE OG ROMSDAL

Setring i økologisk jordbruk

Vi driv gard i Velledalen i Sykkylven. Økologisk drift, og buskapen er Vestlandsk Fjordfe. Denne rasen er den gamle nordiske ferasen, som i mellomalderen fanst i Noreg, Sverige og Danmark. Den vart ført til Island i landnåmstida. På Vestlandet fanst det på -80 talet under 50 dyr att, sidan har talet auka til knapt 300 dyr. Rasen er av vår eldste levande kulturavr, og det gjer det ekstra kjekt å stelle desse dyra. Buskapen vår er på 18 kyr og 12 ungdyr. Naturleg paring blir brukt for å halde nede innavnen. Setringa på Dravlausstølen tok slutt på -50 talet. Den gamle raukolla vart skifta ut med NRF, som passa best på kulturbeite. Ved Fjellseter, der stølen vår ligg, vart det bygt skitrekk. Mange grunneigarar selde hyttetomter. Som ei motvekt til turist- og bykulturen syns vi det er viktig å bruke fjellet slik det vart brukt før. Setring høver også godt i økologisk jordbruk, der ein skal ta heile garden i bruk. Og Vestlandsk Fjordfe har rådd grunnen på stølen vår i hundrevis av år.

Nye seterdrivarar

Vi byrja setringa i 1994 i lånt fjøs. På Drotninghaugstølen like ved bygde Kari Hjorthol og Kjell Perry Drotninghaug ny fjøs i 95-96. Også dei har Vestlandsk Fjordfe. Sist sommar bygde vi, saman med bror min Odd og kona Sissel, ny fjøs. Til sommaren går det 3 buskapar med Vestlandsk Fjordfe i området, alle frå økologisk drivne gardar. Mjølka blir henta med tankbil, og går til tapping av Dalsgården økologisk lettmjølk. Produksjon av ost og smør på stølen er førebels berre på hobby stadiet.

Kunnskapsformidling

Etter eit opphold i setringa på 50 år, er mykje kunnskap gått tapt. Vi veit heller ikkje om andre som driv tradisjonell setring med ku på Sunnmøre. Ei viktig oppgåve for ein interesseorganisasjon for seterbrukarar er difor å formidle kunnskap om setring. Om dyrestell, beitebruk, bygningar, produksjon av ost og smør, økonomi osv. Kunnskap som er samla gjennom århundra

er i ferd med å gå tapt. Ny kunnskap om å drive landbruk i pakt med naturen må delast med andre. Industrieland – bruk med hormon- giftbruk og genmanipulering kan andre drive, vi trur at landbruket i Noreg må gå andre vegar for å greie seg. Då er bruken av fjellbeite og setring ein viktig ressurs.

Framtidas budeier

Det er stor konkurranse om bruk av utmarka. Turisme, kraftutbygging, vegbygging, skogplanting og rovdyr er nokre stikkord. Seterbrukarane er ei lita gruppe, men vi har sjølv merka at folk er svært positive til dyr i fjellet og setring. Om vi organiserer oss, kan vi lettare få støtte frå folk og stå i mot presset frå storsamfunnet. I ei historielaus tid er informasjon om primærnæringa viktig. Dyra og fjøset på stølen er som ein magnet på ungar, særleg unge jenter. Nokre kan bli framtidas budeier, alle får eit positivt syn på dyr og landbruk. Kanskje er ei av dei viktigaste oppgåvene for ein interesseorganisasjon for seterbrukarar alliansebygging mellom oss og folk utanfor næringa?

ELDBJØRG OG MARTIN WIKNES
FRÅ OPPLAND

Støling er trivsel

Vi er ein gardbrukarfamilie frå Vestre Slidre i Valdres; Eldbjørg (35), Martin (42) og borna Liv Ingus (13), Geir (11) og Lars (4). Vi driv eit gardsbruk på 54 da + leigejord, i alt ca 130 da. Buskapen er på 10 årskyr + ungdyr. I tillegg til gardsdrifta driv vi ymse handverk som rosemalning, sylvarbeid og produksjon av munnharper. Martin driv og med bygningsarbeid utanom. Etter at garden hadde vore utan dyr i vel 20 år tok vi opp att mjølkeproduksjonen i 1984. Då vi starta opp, valde vi så å ta opp att stølsdrifta mykje p.g.a., begrensa areal heime, men også fordi vi såg det som ein viktig trivselsfaktor.

Murkelie

Stølen vår; Murkelie ligg 26 km frå garden, i Vestre Slidre Statsalmening, ca 860 m.o.h. Det er godt vegsamband, straum og mjølkehenting. Landskapet er blanding av bjørkeli og snaufjell. Sel og fjøs er frå ca 1940, og vi har nett kosta oss

vassforsyning, godkjent og med stor kapasitet. Opplegget på stølen har vore utmarksbeiting, og kyrne har vore inne om natta. Kyrne har ikkje alltid vore like flinke til å koma att, og det har vore det største problemet vårt. Dei siste åra har vi fått leige dyrka areal nær stølen, og har veksle med beiting på innmark og utmark. Dette har i stor grad løyst problemet, men spørsmålet er no om vi skal gå over til eit opplegg med utmarksbeiting om dagen og nattbeiting på innmark. Ein del av det dyrka arealet på stølen blir onna og kjørt heim til vinterfor.

Gode somrar

Vi fløt på stølen kring 1.juli og er der fram til om lag 1.september. Ein sommar reiste vi mykje heimatt om dagen, men fekk klar beskjed frå ungane om at det ville dei ikkje vera med på, difor prøver Eldbjørg og ungane å vera i ro på stølen. Opplevinga av å vera på stølen om sommaren er noko ungane seier dei ikkje kan vera forutan, og vi er glade for at dei trivst og at røtene deira gror godt fast. Med dårligare økonomi i jordbruket og stort arbeidspress, har vi av og til vore inne på tanken om å gje opp mjølkeproduksjonen, men noko har halde oss att. Utan sommaren med kyr på stølen meiner vi, både store og små at det blir borte for mykje av det som er oss. Vi trur kanskje vi kan seia at utan stølen hadde vi ikkje vore mjølkeprodusentar i dag. På støslaget vårt var det opphavleg 10 stølar, i dag er det att fire som er i drift med mjølkeproduksjon. I likhet med dei fleste andre stader er attgroing av beiteområda eit problem også hjå oss. Trass i at Valdres er det området i landet der stølsdrifta står sterkest, ser vi tydeleg utfordringane som ligg i å oppretthalde eit levande stølsmiljø, både når det gjeld økonomisk utnytting av resursane, ta vare på bygningar og kulturlandskap.

Verdifellesskap

Det er gledeleg å sjå for oss som driv med stølsdrift at fleire unge brukarfamiliar no tek oppatt stølsdrifta, og ser nyttat av det både økonomisk og trivselsmessig. Dette har også ført til at fagmiljø og veiledningsteneste no kjem etter og vil hjelpe oss med dokumentasjon og fagleg utvikling av stølsbruket. Forventningane våre til Norsk senter for seterkultur er mellom anna å kunne hente idear og inspirasjon, få auka forståing for vår driftsmåte i forhold til samvirkeorganisasjonane og samfunnet elles, og ikkje minst; her kan vi endeleg få ein organisasjon som legg vekt på dei verdiane vi sjølve set høgast!



Prosjekt-presentasjon


Prosjekta "Levande stolar" og "Forvaltning og skjøtsel av stolar" er to ulike prosjekt som er under arbeid med å sjå nærmere på ulike sider av seterkulturen. Me vil skrive meir om desse prosjekta i seinare nummer av seterbrukaren. Her ein kort presentasjon;

I Oppland og Buskerud:

"Levande stolar" er et praktisk retta 4 årig utviklingsprosjekt som har som hovedmålsetting å styrke framtidsmulighetene for mjølkeproduksjonen i distrikte gjennom å forbedre og legge forholdene til rette for å nytte utmarksarealer i områder med tilgang til slike ressurser. Det legges opp til et nært samarbeid og en tett faglig oppfølging av 15 vertsbruk i Valdres og Hallingdal. Hensikten er å måle effekten av de endringer i driftsopplegget som er nødvendig for å utnytte utmarka optimalt som beiteressurs, og dermed virkning på brukets økonomiske resultat. Prosjektet vil også forsøke å kartlegge hvilken betydning endra beitemønster har i kampen mot gjengroinga i disse fjellområdene, samt arbeide for å legge til rette for inntektsmuligheter innanfor turisme samt salg av spesialprodukter fra seterområdene.

Prosjektets lokalisering er regional, men de erfaringer som høstes bør ha overføringsverdi til de deler av landet som har adgang til utmarksressurser av ulike slag. Prosjektet administreres av Det Kgl. Selskap for Norges Vel, men er støtta økonomisk av flere organisasjoner innen landbruket.

Prosjektleiar: Kjell H Tuv,
2940 Heggenes, tlf 61 34 02 05



Budeia på jobb.

I Sogn- og Fjordane:

"Forvaltning og skjøtsel av stolar"
Dette prosjektet i Gloppe, Sogn og Fjordane går no mot slutten. Det har som hovudmål å utarbeide styringsreglar for bruk, skjøtsel og forvaltning av stølsområda.

Prosjektet skal munne ut i:

For kommuneplanen:
Retningslinjer for forvalting/styring av stolar + temakart Stølar.

For stølseigerane:

Stølshandbok med egedoms- og stølsrettar, vedtekter for stølslag, aktuelle lover og paragrafer, sjekkliste ved søknader m.m.

Prosjektrapport:

Oversikt over prosjektet med forslag til tilpassing til andre kommunar m.m.
Via sentrale styremakter er det meinингa at dette materialet skal bli tilbytt interesserte kommunar.

Prosjektleiar: Torgny Ueland,
Gloppe landbrukskontor, 6860 Sandane,
tlf 57 86 60 44

Me tek gjerne imot tips om store eller små prosjekt som bør presenterast for fleire gjennom spalteplass i Seterbrukaren.

På fagteigen vil du møte ulike personar med ulike faglege tilnærmingar til setra. Fyrst ut er Yngve Rekdal frå prosjektgruppa som arbeider ved Norsk institutt for jord- og skogkartlegging på Ås. Setra er ein del av utmarksbeitet, og Yngve Rekdal ser her på utfordringane utnytting av utmarka byr på.



Beite i utmark

AV YNGVE REKDAL,
NIJOS

Styresmaktene sitt mål om eit meir robust landbruk ser ut til å gje auka merksemdund kring "gratisressursen" som ligg i utmarksbeite. Sauetalet har lenge vore aukande. Satsing på kjøf og økologisk landbruk, saman med påbod om 8 veker uteliv, gjer at også meir storfe blir sendt ut i utmarka. Utnytting av utmarksbeite byr på fleire utfordringar.

Arealplanlegging

Presset på norsk utmark er aukande. Fleire brukarinteresser, både nye og tradisjonelle, vil vera med å avgjera korleis utmarka skal forvaltast. Beitenæringa som lenge har vore nesten einerådande i utmarka, merkar press fra både utbyggingsinteresser, jaktinteresser og naturvern. Innan landbruket er det òg arealkonflikter til dømes mellom beite og skogbruk. Problem kring beiterettar og gjerdehald vil auke med aukande dyretal. Skal beitebruk bli teke omsyn til månæringa synleggjør kva ressursar som finst og korleis desse skal forvaltast. Beitenæringa har til no vore lite dyktig til hevde arealinteressene sine.

Næringsplanlegging

For å få godt produksjonsresultat må bruk av utmarksbeite planleggjast. Det mest aktuelle problemet i dag er at mykje dyr går på dårlege beite. Tilvekst for lam på over 300 g pr. dag er ikkje uvanleg i gode beiteområde, men mykje sau går i område der tilveksten ligg under 200 g. I tillegg kjem alle problem med dyr frå dårleg beite som er meir utsett for mangelsjukdomar, problem med paring, klassetrekk m.m. På dei beste utmarksbeita vil også mjølkekyr kunne ha bra avdrått delar av sommaren, medan ein i andre område vil ha dårleg lønsemd utan sterk tilleggsföring.

Ut frå plantevokster er ein slik forskjell ikkje overraskande når ein ser på den store botaniske variasjonen som finst. Beite i utmark må sjåast på som eit førmiddel på like fot med høy og kraftfôr, og kvaliteten må vurderast nøyne.

Overbeiting er ikkje noko vanleg problemstilling her til lands i område med sau og storfe, men det kan førekoma lokalt og er vanskelege problem å løyse utan godt kunnskaps-grunnlag. Attgroing er derimot ein prosess som no skapar enorme forandringer i landskapet i det meste av landet. Det ekstensive haustinglandskapet blir sett på som svært attraktivt i opplevingssamanheng og beitande dyr er einaste reiskapen vi har for å ta vare på større areal av dette. Dyr på beite er i seg sjølv eit opplevingselement. Det er viktig for næringa å marknadsføre også denne produsentrollen og planleggje beitebruken slik at ein får mest muleg att både i form av avdrått og kulturlandskap.

Sjukdom

Fleire smittsame sjukdomar er eit trugsmål for beitenæringa. Smitteoverføring kan foregå på beite. Nokre sjukdomar er også knytta direkte til naturgrunnlaget som til dømes leversjukdomen alveld. Radioaktivitet i beiteplanter er eit stort problem i delar av landet.

Rovdyr

Konfliktnivået mellom rovdyr og beitedyr er aukande etter kvart som det blir fleire av både slag i utmarka. Reiskap for å finne konfliktdempande rådgjerder er viktig.

Skal beitenæringa behalde posisjonen sin i utmarka trengst god kunnskap om produksjons-grunnlaget og korleis ein skal drive god naturforvaltning. Dessverre manglar mykje av denne kunnskapen i dag. Etter at Selskapet for Norges Vel sine beitekonsulentar ikkje lenger er i aktivt arbeid, har vi svært lite kompetanse att på utmarksbeite her i landet. Forskinga har òg gløymt utmarka i stor grad. Det har vorte eit kompetansevakum kring ein ressurs som har vore overlevingsgrunnlaget vårt i uminnelege tider.

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) er eit frittståande institutt under Landbruksdepartementet. Instituttet har omlag 140 tilsette med hovudkontor på Ås og distriktskontor i Andselv, Steinkjer, Hamar og Bø. Målsettinga for instituttet er å skaffe informasjon om naturgrunnlaget i inn- og utmark for forvaltning, planlegging og næringsutvikling. Dette blir gjort gjennom ulike kartleggingsprogram som markslag i Økonomisk kartverk, kartlegging av jordsmonn på dyrka jord, vegetasjonskartlegging i utmark og landskapskartlegging. Landsskogtakseringa er eit stort program som skaffar statistikk over skogressurser og helsetilstanden til skogen, ut frå eit landsomfattande prøveflatenett. Elles har instituttet ei rekke forvalningsoppgåver for departementet.



Norsk senter for seterkultur Organisasjonar og personar i prosjektgruppa

Kvinneutvalget i Norsk Bonde- og småbrukarlag

Hilde Riis – er jordbruksjef i tillegg til at ho driv som småbrukar med ammekyr og urtedyrking.

Norges Bondekvinnelag

Anne Lutro – er kårkone og arbeider for tida som lærar samtidig som ho avsluttar hovudfag i etnologi.

Norsk senter for økologisk landbruk

Elisabeth Moen - driv som økologisk bonde og har vore i representantskapet for Norsk senter for økologisk landbruk. Ho er nå med i Norsk Bygdeturisme, fylkeslaget for Møre og Romsdal.

Norsk Kulturarv

Christian Sulheim - dagleg leiar i Norsk Kulturarv i Vågå.

Norsk Sau- og geitealslag

Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) / NLH

Yngve Rekdal - seksjonsleiar ved seksjon for vegetasjonskartlegging og beite ved NIJOS.

Møreforskning / Høgskulen i Volda

Jon Tvinnereim - historikar og forskar ved Møreforskning. Han har mellom anna skrive rapporten "Seterdrift i Nordfjord"

Møre og Romsdal Fylkeskommune

Anita K. Waatvik - museumskonservator ved kulturavdelinga

Norddal Kommune

Petter Melchior - leiar i utvalet for kultur- næring og miljø i Norddal Kommune. Han er rektor på Dalsbygda skule og driv som geitebonde og seterbrukar.

*– til seters
for å gjere seg feit..*

Rein
norsk
natur
og Felleskjøpets

FORMEL

gir det beste resultat



Felleskjøpet

